



*Brudlaupsfyl-  
gje ved Ber-  
telstova på  
Øye i 1938.  
Bilete utlånt  
av Anna I.  
Seim*



## **Gamlevegen i Bergsdalen**

## **Bakgrunn:**

*Jordbrukslaget har saman med Bergsdalen skule lenge arbeidd med å rydda fram att Gamlevegen. Me har motteke tilskot til arbeidet frå Fylkesmannens Landbruksavdeling. Frå Fosse går vegen til Øye nesten utan å vera innom den noverande bilvegen. Mellom Øye og Lid fylgjer me bilvegen, og så kan ein fylgja den gamle stien frå skulen og over Lialeite. Nede på bilvegen att, må du fylgje denne til du kjem til saga. Der fylgjer du skiltinga forbi Solbjørg og vidare til Berge.*

*Me meiner det er ein viktig kulturhistorisk veg som går gjennom ei naturperle av dei skjeldne.*

*Elevane ved Bergsdalen skule har vore med å rydja vegen. Dei har òg laga skilt som grunneigarar og foreldra ved skulen har sett opp langs ruta. Teksten i denne brosjyra er utarbeidd av skuleborna. Dei har gått på jakt i dalen etter historiar knytt til ulike plassar langs vegen. Resultatet held du i handa.*

*God (kul)tur!*

## **FRÅ FOSSE TIL ØYE**

### **1. Steingarden**

Ein kan framleis sjå restar etter den gamle steingarden som skule halda beitedyra på rett side, så dei ikkje kom ned på innmarka.

### **2. Kvernhusbekken.**

Her stod det i gammal tid eit kvernhus som tilhørde gardane på Øye. Det går gjetord om Nils Øye og korleis han havna i krangel med grunnleggjaren av Dale fabrikk, konsul Jebsen.

Ein gong var Jebsen på tur i Bergsdalen. Då han kom opp til Kvernhusbekken, såg han at Nils Øye låg utenfor kvernhuset sitt og sov i graset medan kvernkallen gjekk. Jebsen stoppa kverna. Nils merka ei endring i lyden, og spratt opp. Då såg han Jebsen i full fart nedover vegen. Då han såg at kverna ikkje gjekk meire, vart han sint og ropte etter Jebsen at "Detta skal du få att!".

Nokre dagar seinare skulle Nils til Dale. Då han kom til fabrikk, gjekk han bort til vassinntaket ved turbinen og leidde vekk vatnet så turbinen stoppa. Plutselig vart det slutt på straumen og heile fabrikk stoppa opp.

Då Jebsen merka kva som hadde hendt, vart han sint. Etter å ha tenkt seg litt om, spurde han folk på Dale om dei hadde sett han Nils Øye på Dale den dagen; og det hadde dei. Då skjøna han alt. Nils Øye hadde halde det han lova.

### **3. Bertelstova på Øye.**

Gamlevegen gjekk gjennom alle gardstuna i dalen, så også her på Øye. Den vesle stova som står att til venstre for vegtraseen, vert kalla Bertelstova. Bertil Bertilson kjøpte garden i 1858, og etter to ekteskap hadde han til saman 15 born. På det meste kan det ha budd to vaksne og 7 born i denne vesle stova. Bak i brosjyra ser du bilete frå eit brudlaup i Bertelstova i 1938.

### **4. Frå Lid til Solbjørg.**

Lid ligg ca midt i dalen. Her er både kyrkja og skulen. Kyrkja vart bygd i 1954 og stein vart henta frå Bergsfossen. Kyrkje porten er laga

Fosse

Målestokk 1:6000



